



Hordaland Fylkeskommune  
REGIONALAVDELINGA  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/368 - 14/27291

Saksbehandlar:  
Øystein Sørhaug  
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:  
08.12.2014

## Tilsegn til middel til etableringa av hurtigladestasjon på Mongstad

### Administrativt vedtak. Saknr:

#### Vedtak

Rådmannen vil peike på at det kommunale tilskotet må gjevast på vilkår om at Hordaland fylke får på plass finansiering og bygging av ein ladestasjon i Mongstadkrysset innan år 2015. Rådmannen vil og peike på at ein slik ladestasjon bør vera ved SPAR-butikken på Mongstad. Dette for at dei som skal lade på denne ladestasjonen skal kunne ha eit fornuftig tilbod og ærend i nærleiken medan dei ventar på «full tank». Rådmannen meiner at tilskotet på kr. 50.000 kan takast frå næringsfondet.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Saksutgreiing

Lindås kommune løyver på vilkår kr. 50.000 til prosjektet «Hurtigladestasjon ved Mongstadkrysset» Vilkår er at arbeidet er gjort ferdig innan 2015, at prosjektet vert fullfinansiert og at ladestasjonen kjem i nærleiken av SPAR-butikken. Tilskotet på kr. 50.000 vert teke frå næringsfondet. Tilskotet vert betalt ut når sluttregneskap ligg føre og ladesstasjonen er teke i bruk.

#### Dokument i saka:

- Søknad om middel til hurtigladestasjon, Mongstad
- Tilsegnsbrev
- Budsjett
- Tidsplan
- Kart



### Saksopplysningar/vurdering:

Hordaland fylkeskommune søkjar Lindås kommune om midlar til å etablere hurtiglادestation for elbilar ved SPAR butikken på Mongstad. Tiltaket inngår i fylkeskommunen sin klimaplan.

Dette i spleiselag med det statlege selskapet Transnova, BKK, Austrheim kommune og grunneigar.

Det vert for tida arbeidd med å få på plass hurtiglادestationar for elbilar på strategiske stadar lang viktige ferdselsårer i Hordaland. Dei nordlege områda rundt kyststamvegen her er til no ein blind flekk på hurtiglادekartet i Hordaland fylke. Hurtiglادestationar mogleggjer at fleire elbilistar kan reise lengre turar enn 70 – 120 km. Normallading over vanlig straumnett tek normalt 6 til 8 timar, hurtiglading tek berre 15 –30 minutt. Regionsentra og knutepunkt i Hordaland er relevante stader for hurtiglading. Det er no kome opp ein slik stasjon i Knarvik, men og ein rekke andre stadar i fylket. Søknaden frå fylket er førebels presentert i ein e-post datert 25.04.2014 til ordførarane i Lindås og Austrheim med overskrift «*Hordaland fylkeskommune søkjar å etablere hurtiglادestation for elbilar ved Mongstad.*»

Hurtiglادestationar vil ha stor lokal og regional verdi for det framtidige valet av type bil. Elbilsalet vil truleg stige ytterlegare i dei neste åra og då kjem fleire reisande til å etterspørje ladeinfrastruktur før dei vitjar nye stader, eller tek desse bilane i bruk på lengre køyreturar. Imars 2014 utgjorde elbilane over 33% av nybilsalet i Hordaland (tal frå www.gronnbil.no). Elbilar er i dag miljøvenlege og særleg energieffektive. Difor jobbar mellom anna Hordaland fylkeskommune med å fremje bruken av elbilar i fylket vårt. Det statlege selskapet Transnova har no støtteordningar på plass for etablering av slike stasjonar. Stortinget har som mål at minst 20 % av bilane i Norge skal vera El-bilar i 2020.

For å få hurtiglادestationar på plass må investeringar verd mellom 400.000 – 800.000kr kronar koma på plass økonomisk. Fylkestinget har løyva middel til ladeinfrastrukturen i Hordaland, men fylket er avhengig av nasjonal stønad frå Transnova (45%) og at kommunane er med på eit spleiselag for å ta desse investeringane.

#### *Finansieringsplan:*

BKK	kr 88.575
Transnova (staten)	288.575
Hordaland Fylkeskommune	75.000
Lindås Kommune	50.000
Austrheim Kommune	50.000
SPAR Mongstad	25.000

---

*Sum finansiering/kostnad*    kr 577.150

---

Hordaland Fylkeskommune meiner at det er naturleg at nettselskapa BKK og bidreg til finansieringa. Hordaland Fylkeskommune si erfaring er at dette er lettare å nå målsetjinga om ein god ladeinfrastruktur innafor ein fornuftig tidshorisont når fleire aktørar er med på spleiselaget. Fylkeskommunen ser nærare på dei konkrete stadane for hurtiglادestationar i samarbeid med grunneigar og nettselskap. Hordaland Fylkeskommune si Regionalavdeling, Klima og naturressursseksjonen utarbeidar for tida ein formell søknad

om tilskot til Transnova. Fylkeskommunen har signalisert at dei er positiv til at me saman får etablert ein hurtigladestasjon ved SPAR butikken på Mongstad.

Rådmannen meiner at det er fornuftig å få på plass ein hurtigladestasjon ved Mongstadkrysset. Utviklinga skjer fort på teknologien omkring elbilar, ladestasjonar og rekkevidde. Hurtigladar, Semi hurtigladar, basisstasjonar (normallading), det er fleire typar ladestasjonar der tidsfaktoren og ladekapasiteten varierer noko. Rådmannen vil peike på at elbilane i dag ein rekkevidde frå dei dyraste på om lag 400 km til dei rimlegaste på om lag 70 km. Den vanlegaste elbilen i dag Nissan Leaf og den nyaste kan gå om lag 170 km på vanleg køyring. Rådmannen meiner at sjølv om kapasiteten og teknologien endrar seg stadig så er det viktig for mange no at ein hurtigladestasjon kjem på plass i Mongstadkrysset. Dette vil kunne hjelpa mange fleire til å køyra elbilar når dei bur og ferdast i vår region. Det vil og bidra til at fleire vel el-bilar i Nordhordland. Truleg vil og fleire av hytteigarane velja elbilar som den naturlege bilen når dei ferdast i denne delen av Nordhordland om det kjem ein hurtigladestasjon her.

Lindås sin kommunedelplan for klima og energi 2010-2020, vedteken av kommunestyret 11.mars 2010, inneheld målretta tiltak for å «*montere tilstrekkeleg tal straumuttak for elbil og plug-in hybridbil*» (tiltak 2.43). I tillegg nemner planen at Lindås Kommune har ei viktig rolle som transportør og kjøpar av transporttenester, når det kjem til å ta i bruk fleire hybrid- og elbilar. Tiltaket om medfinansiering av hurtigladestasjon på Romarheim vil difor vere med på å nå desse måla.

Rådmannen meiner at det er naturleg i denne saka at Lindås kommune løyver det same som Austrheim kommune. Det er også det same (50.000kr) Lindås løyvde til hurtigladestasjon på Romarheim, som er under planlegging og truleg vert oppført samstundes med stasjonen på Mongstad.

Med helsing

Øystein Sørhaug  
næringssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Rekneskap ved Jorunn K Fosse  
Økonomi ved Jorunn Nøttveit Moen

**Mottakarar:**

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN